

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|----------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | FA - X12 | 17/948 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 078/2017 | Kommunestyret | PS | 11.12.2017 |

Avvikling av kommunal heimevernsnemnd

Vedlegg:

Journalposttittel

Saksdokument fra Forsvarsdepartementet

Dato

14.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jostein Kvamme Duesund og Ragnvald Tangedal vert fritatt frå sine verv som medlemmer i kommunal heimevernsnemnd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Heimevernsnemnda har vore ei lovpålagt statleg nemnd på kommunenivå. Masfjorden kommunestyre oppnemnde difor Jostein Kvamme Duesund og Ragnvald Tangedal som medlemmer i denne nemnda den 10.12.2015 som sak KS-121/2015

I brev dagsett 31.08.2017 frå Forsvarsdepartementet vart kommunen orientert om endring i *Lov om verneplikt og teneste i Forsvaret* som innebar at samtlege kommunale heimevernsnemnder vart lagt ned frå 1.juli 2017. Kommunen vert difor beden om å avvikle dei kommunale heimevernsnemndene.

Fakta

Forsvarsloven slår fast at dei kommunale heimevernsnemndene skal erstattast med heimevernsnemnder på distriktsnivå og at kommunane kan stille med representantane i desse nemndene. Etter opplysningar innhenta frå HV 09, Bergenshus heimevernsdistrikt, er det endå ikkje tatt stilling til korleis ein skal velje medlemmer til ei heimevernsnemnd i regionen.

Vurdering

Etter samtale med lensmann i Masfjorden og representant for HV 09, vart ein einige om å frita dei oppnemnde medlemmene i kommunal heimevernsnemnd for sine verv og avvente kva reglar /

rutiner som vert vedteke for ei regional heimevernsnemnd.

Konklusjon

Jostein Kvamme Duesund og Ragnvald Tangedal vert fritatt for sine verv i kommunal heimevernsnemnd grunna at dei kommunale heimevernsnemndene er nedlagt som følge av endringar i forsvarslova.

Kommunestyret - 078/2017

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Jostein Kvamme Duesund og Ragnvald Tangedal vert fritatt frå sine verv som medlemmer i kommunal heimevernsnemnd.